

Årsmelding 2025

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd



Vevring kyrkje

INNHALD

HELING FRÅ FELLESRÅDSLEIAR OG KYRKJEVERJE

OM ÅRSMELDING FOR FELLESRÅDET

FELLESRÅDET SOM ARBEIDSGJEVAR

FELLESRÅDET OG ØKONOMIFORVALTNING

DRIFT OG VEDLIKEHALD AV KYRKJEBYGG OG GRAVPLASSAR

FELLESRÅDET OG ADMINISTRASJONSUTVALET

FELLESRÅDET OG SOKNERÅDA

KYRKJA OG KOMMUNEN

STATISTIKK FOR SUNNFJORDKYRKJA

HELING FRÅ FELLESRÅDSLEIAR

I forordninga for den norske kyrkje står det om oppgåvene til fellesrådet. Det startar slik: «Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.»

Det er fellesrådet som har ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjene og gravplassane våre. Så er vi arbeidsgjevar for alle tilsette med unntak av prestane. Kyrjekontora er fellesrådet sitt ansvar, og vi skal gje administrativ hjelp til prestane. Konfirmantopplæring er nemnd spesielt der fellesrådet skal skaffe lokale, utstyr og materiell. Den vanskelege økonomiske situasjonen for Sunnfjord kommune påverkar oss, og vi får no mindre pengar både til drift og investering. Dette er krevjande! Konkret betyr det færre tilsette og utsett vedlikehald. Men gjennom tydelege prioriteringar og endra arbeidsmåtar har vi klart å ta ned kostnadene og fått eit lite overskot i 2025.

Eg vil rette ein stor takk til alle tilsette som medverkar til at vi er ei opa kyrkje for alle i Sunnfjord kommune. Nokre har tett kontakt med folk, medan andre arbeider trufast i det stille. Ein særleg takk til kyrkjevevja vår, Sissel Vartdal som har den store oversikten.



Bjørn-Harald Haugsvær, leiar

TAKK

Ordet TAKK har berre fire bokstavar, men det inneheld så mykje meir. Takka er ein respons tilbake til alle tilsette; for kløkt og kompetanse, for engasjement og varme og for fleksibilitet og mot. Takka er eit signal om at eg, og vi som er leiarar, ser og anerkjenner arbeidet. Takka er og på vegner av alle dei som blir møtt og sett gjennom arbeidet og innsatsen både tilsette og frivillige legg ned. Gjennom arbeidsåret 2025 har kyrkjene i Sunnfjord romma godt over 50 000 menneskemøter. Så tusen takk, på vegne av fellesrådet som arbeidsgjevar, sokneråda som oppdragsgjevarar - og ikkje minst: på vegner av folk!



Sissel Vartdal, kyrkjevevje

OM ÅRSMELDING FRÅ FELLESRÅDET

I denne årsmeldinga er det fellesrådet sitt ansvar som er i fokus. I høve kyrkjeordninga § 17 skal “Kyrkjeleg fellesråd ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna, utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen, fremje samarbeid mellom sokneråda og ivareta sokna sine interesser andsynes kommunen”.

Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet er skildra i sokna sine årsmeldingar. I høve kyrkjeordninga § 12 skal sokna ha si merksemd retta mot «alt som kan gjerast for å vekkje og nære det kristelege livet i soknet». Dette ser vi att gjennom ei stor breidde av aktivitetar med gudstenesta som ein pulserande hovudåre, til arbeid for born, unge, vaksne, dåpsfamiliar, konfirmantar, sørgjande, kulturinteresserte og til 10-kaffien på Førde kyrkjetun som kvar onsdag samlar folk til fellesskap, vaflar og kaffi.

FELLESRÅDET SOM ARBEIDSGJEVAR

Fellesrådet var i 2025 arbeidsgjevar for 36 tilsette samla i om lag 21,6 årsverk. Dei fleste er fast tilsette, nokre er tilsette på timebasis og nokre har tidsavgrensa avtalar. I ein så stor stab skjer det ein del gjennom året; nokon sluttar, nokon får endra stillingsprosent, nye kjem til og andre får endra oppgåver.

Sjukefråværet i organisasjonen er lågt, både det eigenmeldte og det legemeldte. Det vert gjennomført årlege medarbeidarsamtalar med alle tilsette, medarbeidarundersøking annakvart år og det er etablert eit eige arbeidsmiljøutval som er med å sikre systematikk knytt til arbeidet med helse, miljø og tryggleik (HMT).

Fellesrådet har ansvar for å drifte fire kyrkjekontor; Jølster, Førde, Naustdal og Gaular. Staben i Naustdal flytta på nyåret i 2025 inn i det som var Helsestasjonen i Naustdal, etter eit mellombels opphald i den nyoppussa “Gamlebanken”. Slike endringar krev litt ekstra av dei tilsette, men forhåpentlegvis har flytteprosessane gjeve resultat i form av gode løysingar som igjen skapar trivsel.

Kontora gjev fellesskap og tilhøyrsløse for dei tilsette. Det er arbeidsmiljø prega av samhandling og felles utfordringar. I tillegg høyrer alle tilsette til i det store fellesskapet: det store «VI» som er kyrkja i Sunnfjord. I dette fellesskapet kan vi i enda større grad lene oss på kvarandre, lære av kvarande og saman byggje ein slitesterk arbeidskultur.

FELLESRÅDET OG ØKONOMIFORVALTNING

Sunnfjord kommune sin økonomiske situasjon er markant endra dei siste åra, dette får konsekvensar for fellesrådet si drift. I 2025 fekk kyrkja eit nedtrekk på 500 000, og det same er gjeldande for budsjettet i 2026. Fellesrådet har gjort grep for å møte dette, både med stram økonomistyring, leiarstillingar som ikkje blir erstatta og arbeid med å sikre inntekter frå anna hald. Dette har gitt gode resultat: Kyrkerådet er med på å finansiere ungdomsprosjektet KRAFT, kyrkjebevaringsfondet er med på å finansiere nytt tak på Helgheimkyrkja og fellesrådet sitt

premiefond hjå KLP vert nytta for å redusere pensjonspremien. Alt dette gjev større økonomisk handlingsrom i ei utfordrande tid.

Resultat 2025

Fellesrådet vedtok eit driftsbudsjett i balanse for 2025, medan investeringsbudsjettet la opp til å nytte ca 3 millionar frå disposisjonsfond – dette inkluderer eit udekkta finansieringsbehov på vel 1 million som vi tok med oss frå 2024.

Fasiten når rekneskapen no er gjort opp, syner eit litt betre resultat enn budsjettert med eit svakt overskot i driftsrekneskapen på 250 000, og med bruk av berre 1,5 millionar frå disposisjonsfondet (mot budsjettet på 3 millionar). Dette siste skuldast ikkje (berre) god økonomistyring, men det faktum at vi ikkje har sett igang alle planlagde tiltak.

Eigenkapital

Etter fjoråret har fellesrådet disposisjonsfond på til saman om lag 5 500 000. I tillegg har fellesrådet bundne fond som utgjer om lag 4 500 000.

Driftstilskot frå kommune og stat

Den størst inntekstposten i driftsrekneskapen er driftstilskot frå kommunen, i 2025 var dette på 17 989 912. I tillegg får fellesrådet årlege tilskot frå rettssubjektet Den norske kyrkja, i 2025 var dette tilskotet på 4 121 025. Dette går til delvis dekking av lønskostnader for kateket og diakonar, og til trusopplæring i sokna.

DRIFT OG VEDLIKEHALD AV KYRKJEBYGG OG GRAVPLASSAR

Det er mykje vedlikehaldsarbeid som skjer gjennom året på dei 10 kyrkjene og dei 14 gravplassane. I denne årsmeldinga nemner vi nokre større prosjekt:

Tidleg på året oppdaga kyrkjetenaren i **Viksdalen kyrkje** at det rann stor mengder vatn inn i våpenhuset når regn og vind sto på som verst frå sørvest. Denne vêrtypen er vi godt vande med på Vestlandet, og slitasjen er difor ekstra stor. Etter ei synfaring vart det klart at fleire bord på sør- og vestsida av tårnet var mogne for utskifting, i tillegg til tetting av overgang frå tårn til tak. Den nye kledninga vart målt seinare på våren.

Naustdal kyrkje er no ferdigmålt, arbeidet starta i 2024 men måtte takast over to år grunna arbeidet med nytt inngangsparti. No er kyrkja målt, det er etablert ny inngang med universell utforming og den hellelagde vegen ned mot den gamle murportalen er restaurert.

Det største investeringa i 2025 handla om orgelet i **Sande kyrkje**. Orgelet vart ferdigbygd, og prøvespelt, på verkstaden til Sandtner Orgelbau i Tyskland. Så vart orgelet demontert, lasta på trailer og transportert heile vegen til Sunnfjord, før alle delar vart sett saman igjen i kyrkja seint i november. Instrumentet er tilpassa kyrkjerommet, både visuelt og klangleg og har allereie fått sett sitt preg på samlingar av ulikt slag i kyrkja – ikkje minst den flotte festhelga i forbindelse med innviinga i månadsskiftet januar/februar 2026. I forkant av dette har det innvendige taket blitt målt, og det var naudsynt å forsterke søylene til orgelgalleriet.

Taket på **Helgheim kyrkje** skal skiftast, dette prosjektet vil vere kjent for mange. Sjølv prosessen fram mot taktekkinga tek imidlertid noko tid. Kyrkja har vernestatus som listeført, som dei fleste

andre av kyrkjene våre. Det betyr at biskopen skal involverast ved større vedlikehaldsprosjekt. Og biskopen må rådføre seg med Riksantikvaren. Gjennom året har det vore kontakt med både Riksantikvar og Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) med tanke på gjenbruk av skiferhellene. Fellesrådet har no fått klarsignal om å bruke den innkjøpte Altaskiferen, og ein tek sikte på å få gjennomført ei anbodskonkurranse og sjølve arbeidet i løpet av 2026.

FELLESRÅDET OG ADMINISTRASJONSUTVALET

Fellesrådet handsama 34 saker og hadde desse medlemmene:

Bjørn-Harald Haugsvær, leiar, representerer Førde sokn
Nils Gjerland, nestleiar, representerer Holsen og Haukedalen sokn
Jetvard Kalland, medlem (til 1. juli), representerer Naustdal sokn
Stein Torald Vonen, medlem (frå 1. juli), representerer Naustdal sokn
Steinar Dvergsdal, medlem, representerer Helgheim sokn
Bernt Kjøsnes, medlem, representerer Ålhus og Vassenden sokn
Laila Oppedal, medlem, representerer Gaular sokn
Anne Lilleaasen, medlem, oppnemnt av Sunnfjord kommune
Knut Magne Nesse, medlem, oppnemnt av Bjørgvin biskop

Administrasjonsutvalet handsama 9 saker og hadde desse medlemmene:

Bjørn-Harald Haugsvær, leiar
Nils Gjerland, nestleiar
Jetvard Kalland, medlem (til 1. juli)
Laila Oppedal, medlem (frå 1. juli)
Gro Gunnarsson, arbeidstakarrepresentant
Ragnhild Stav, arbeidstakarrepresentant (til 1. juli)
Ole Høgelid, arbeidstakarrepresentant (frå 1. juli)

FELLESRÅDET OG SOKNERÅDA

Det blir gjennomført årlege møter mellom fellesrådet og sokneråda, dette er eit viktige møtepunkt for gjensidig informasjonsutveksling og drøfting av aktuelle saker. Desse møta er og nedfelt i kyrkjeordninga der det står å lese at «fellesrådet skal fremje samarbeid mellom sokneråda og ta i vare sokna sine interesser høvesvis kommunen». Fellesmøtet vart halde 29. oktober og hadde som overskrift «å samtale om dei mest sentrale utfordringane vi som kyrkje står i». I møtet presenterte fellesrådet strategidokumentet "Sunnfjordkyrkja fram mot 2035".

KYRKJA OG KOMMUNEN

Sunnfjord kommune har gjennom trussamfunnslova § 14 ei tydeleg, økonomisk forplikting andsynes den kyrkjelege verksemda. Det er kyrkjeverja si klåre oppfatning at kommunen er medvite dette ansvaret. Gjennom året har det vore faste møter mellom den administrative leiinga i kyrkja v/kyrkjeverje, og kommunedirektøren. I tillegg var kyrkjeverja invitert til formannskapet for å orientere om arbeidet. Desse møtepunktta aukar både kommunens kjennskap og kunnskap om kyrkja, men den gir og kyrkja god innsikt i kommunen sine utfordringar. Denne gjensidige kjennskapen og jamne dialogen trur vi er av stor verdi for begge partar.

STATISTIKK FOR KYRKJA I SUNNFJORD – SAMLA TAL FOR ALLE SOKN

	2025	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Døypte	185	190	145	189	186	162	190
Konfirmerte	230	241	242	264	248	270	266
Vigde	28	32	25	32	20	14	20
Gravlagde	161	141	149	156	129	143	138
Deltakarar på gudstenester	30 287	32 255	31 049	29 795	18 987	21 345	37 092
Tal gudstenester	362	410	395	399	319	327	349
Andakter på institusjon	135	133	130	125	115	89	115
Skule-gudstenester	16	21	24	22	9	10	24
Barnehagebesøk	23	32	29	49	38	26	37
Konsertar	39	50	42	34	23	26	45
Innmeldte i DNK	10	8	11	3	2	0	1
Utmeldte i DNK	36	47	19	29	3	14	2